# *ÅRSMELDING*
# *Idrottslaget JOTUN*

*for perioden*

***1. januar 2022 til 31. desember 2022***

---

# *PÅ VEG MOT HUNDRE!*





5/15

SAMANSVEISA GJENG: Augusta Luggenes, Marte Vigdal Rudi, Sofie Øren, Sofie Moen, Aina Hegge, Emma Nondal, Maria Kleiven og Elida Nondal.





PÅSKE I FARDALEN: Fardalen viste seg frå si beste side påskeaftan, og det var perfekte forhold for påskeskirenn. Foto: Silje Vindedal





JOTUN J15: Jentene smiler trass i surt tap. Frå venstre: Hanna Øvstetun, Aline Martstuen, Ella Berge Hestetun, Sofie Klepp og Bertine Hellebø. Foto: Gunn Marit Kvåle

**Postadresse**
IL Jotun
Postboks 65
6882 Øvre Årdal

**Besøksadresse**
Jotunhuset, Øvre Årdal
**E-Post**
post@iljotun.no

**www.iljotun.no**

**Bank**
3705 39 43471
**Foretaksregisteret**
975 702 308

Vår dato
17.01.23

Vår referanse
Hovudstyret

ÅRSMELDING FOR IDROTTSLAGET JOTUN

**AVSNITT** **Side**


**1. STYRET SI SAMANSETJEING........ 3**
1.1 STYREMEDLEMAR PERIODE ........ 3
1.2 VARAMEDLEMAR TIL STYRET ........ 3
**2 GRUPPER, UTVAL *OG KOMITEAR* ........ 3**
2.1 GRUPPELEIARAR ........ 3
2.2 ÆRESTEIKNUTVAL ........ 3
2.3 KONTROLLUTVAL ........ 4
2.4 VALKOMITE ........ 4
**3. EKSTENE TILITSVERV ........ 4**
3.1 ÅRDAL IDRETTSRÅD ........ 4
3.2 SOGN OG FJORDANE SYMJEKRINS........ 4
3.3 SOGN OG FJORDANE FOTBALLKRINS........ 4
3.4 SOGN OG FJORDANE GYMNASTIKK OG TURNKRINS........ 4
**4. REPRESENTASJON ........ 4**
4.1 SOGN OG FJORDANE FOTBALLKRINS........ 4
4.2 NORGES HANDBALLFORBUND REGION VEST........ 4
4.3 SOGN OG FJORDANE SKIKRINS........ 4
**5 MØTE OG TILSTELLINGAR ........ 5**
5.1 ÅRSMØTE........ 5
5.2 MØTE I ARBEIDSUTVALET OG HOVUDSTYRET........ 5
5.3 MØTE I ÆRESTEIKNUTVALET........ 5
5.4 MØTE I ANLEGGSUTVALET........ 5
5.5 MØTE I SPORTSLEG UTVAL........ 5
**6. SAKER........ 6**
6.1 BEHANDLA SAKER I ARBEIDSUTVAL OG HOVUDSTYRE ........ 6
**7. PROSJEKT OG SAKSOMTALE........ 7**
7.1 Reint Idrettslag ........ 7
7.2 Vedlikehold klubbhuset ........ 7
7.2 Oppretting Ungdomsråd ........ 7
**8. ØKONOMI ........ 8**
8.1 RESULTAT ........ 8
8.2 INNTEKTER ........ 8
8.3 SPONSORMIDLAR ........ 8
**9 MEDLEMSTAL ........ 9**
9.1 MEDLEMSTAL ........ 9
9.2 AKTIVITETSTAL........ 10
**10. KURS........ 11**
**11. SÆRFORBUND ........ 11**
**12. ANLEGG ........ 12**
12.1 JOTUNHUSET ........ 12
12.2 SKISENTERET I FARDALEN ........ 12
12.3 KOMMUNALE IDRETTSANLEGG ........ 12
**13. VIKTIGE ARBEIDSOPPGÅVER I ÅRET SOM KJEM ........ 13**
**14. AKTIVITET I SÆRGRUPPENE ........ 13**
**15. KLUBBHANDBOKA........ 13**
**16. SLUTTORD V/LEIAR........ 14**

# 1. Styret si samansetjing

## 1.1 Styremedlemar Periode

**Arbeidsutvalet**

- Leiar- Arnt Stølen Moen 2022-2023
- Nestleiar- Odd Vidar Øren 2021-2022
- Sekretær – Kristine Haglund 2022-2023
- Økonomileiar – Mona Nytun 2022
- Miljø&Trivsel - Gábor I. Nyheim-Igari 2021-2022
- Gruppekontakt – Erlend Haugen 2022-2023

**Særgrupper**

- Fotball – Henrik Rønningen
- Allidrett – Marianne Sundal
- Turn – Marianne Hellebø
- Ski Nordisk/alpint – Audun Hestetun
- Friidrett – Per Inge Bale
- Styrkeløft – Geir Reidar Hestetun
- Handball – Gunnar Christian Huse
- Motorsport – Håvard Nilsen
- Svømming – Ingeborg Hjelle
- Innebandy – Fredrik Mathisen
- Trekkhundgruppa – Torun Todal Laberg
- Seniorgruppa Arne Håkon Laberg

## 1.2 Varamedlemar til styret

- Varamedlem Ruth Laberg 2022-2023

# 2. Grupper, utval og komitear

## 2.1 Gruppeleiarar

- Fotball Henrik Rønningen
- Allidrett Marianne Sundal
- Turn Marianne Hellebø
- Ski Nordisk/alpint Audun Hestetun
- Friidrett Per Inge Bale
- Styrkeløft Geir Reidar Hestetun
- Handball Gunnar Christian Huse
- Motorsport Håvard Nilsen
- Svømming Ingeborg Hjelle
- Trekkhundgruppa Torun Todal Laberg
- Innebandy Fredrik Mathisen

**2.2 Æresteiknutval**

Leiar Idrettslaget Jotun
Anne Ølnes Hestetun 2022-2024
Tor Erik Sveen 2021-2023
Siv Bakken 2020-2022

### *2.3 Kontrollutval*

Tor Erik Sveen 2021-2022

Jan Einan 2020-2021

### *2.4 Valkomitè*

Kjell Nesse 2020-2022
Line Moen 2022-2024

## 3. Eksterne tillitsverv

### *3.1 Årdal Idrettsråd*

- Styremedlem Odd Vidar Øren
- Styremedlem Ruth Laberg

### *3.2 Sogn og Fjordane Symjekrins*

- Ingeborg Hjelle er vald som styreleiar i symjekrinsen Sogn og Fjordane

### *3.3 Sogn og Fjordane Fotballkrins*

- Henrik Rønningen er leiar i seriekomiteen i fotballkrinsen.
- Henrik Rønningen er kvalitetsklubbrettleiar i Sogn og Fjordane.
- Frank Roger Eldegard sit i valkomiteen i fotballkrinsen.
- Arne Håkon Laberg er vara til valkomiteen i Sogn og Fjordane fotballkrets
- *Marie Helene Hollevik Brandsdal sit i styret i fotballkrinsen.*
- Henrik Rønningen sit i redaksjonskomiteen i NFF Sogn og Fjordane
- Ruth Laberg er medlem i prosjektgruppa for Grøne Arrangement i fotballkretsen.

For fleire detaljar kring tillitsverv på krins/fylkesnivå viser ein til gruppene si årsmelding

## 4. Representasjon

### *4.1 Sogn & Fjordane Fotballkrins*

- 8 personar frå Jotun fotball deltok på Miljøhelg i fotballkretsen i november 2022.
- Henrik Rønningen og Ruth Laberg deltok på kvalitetsklubbsamling i Santa Sussanna Barcelona.

### *4.2 Norges Handballforbund Region Vest*

- Styret deltok på kampoppsettmøte i Region Vest.

### *4.4 Sogn og Fjordane Svømmekrets*

- Leiar for Svømmegruppa har delteke på kretsmøte i svømmekretsen.
- Leiar har delteke på Vestlandet Idrettsting 2022
- Leiar har delteke på Norges Svømmeforbund Forbundsting 2022
- Leiar har delteke på Idrettens Dialogmøte Sogn og Fjordane

## *5. Møter, tilstellingar*

### *5.1 Årsmøte*

Årsmøtet for 2021 vart halde i Jotunhuset 09.03.2022

### *5.2 Møte i arbeidsutval og hovudstyre*

Det er halde 12 ordinære møte i arbeidsutvalet og 10 møte i hovudstyret.
I tillegg har leiar og AU hatt fleire møte med ein del av gruppene.

### *5.3 Æresteiknutvalet*

Æresteiknutvalet har hatt 1 møte for å innstille medlemmar til utmerkingar.

### *5.4 Anleggsutvalet*

Det er ikkje halde ordinære møte i anleggsutvalet

### *5.5 Sportsleg utval*

Det er halde 3 møte i sportsleg utval.

| **Postadresse** | **Besøksadresse** | **Telefon** | **Bank** |
|---|---|---|---|
| IL Jotun | Jotunhuset, Øvre Årdal | | 3705 39 43471 |
| Postboks 65 | **E-Post** | **Telefaks** | **Foretaksregisteret** |
| 6882 Øvre Årdal | post@iljotun.no | | 975 702 308 |

# *6. SAKER*
## *6.1 Saker handsama i AU og Hovudstyre*

Av saker arbeidsutvalet og /eller styret har handsama dette året, kan ein nemna

- Arbeide med idrettsregistreringa
- Fordeling av tildelte timar i Årdalshallen
- Opplæring av nye sjåfører på minibuss
- Kjøp av ny 9 setar
- Gruppene sin aktivitet og økonomiske status
- Riktig registrering når det gjeld tildeling av Lokale Aktivitetsmidlar (LAM)
- Fordeling av laget sin tildelte momskompensasjon
- Revidering av Klubbhandboka
- Carport/overbygg til køyretøya våre
- Låsesystem Klubbhuset
- Oppretting av trekkhundgruppa
- Målrock
- Hummelpakka
- Jotun Stadion
- Medlemsverving
- Korona og handtering av smittevernsreglane
- Søknad om koronastøtte
- Modell for driftsselskap
- Sponsoravtaler
- Hjertestarterkurs og førstehjelpskurs
- Oppdatering av Jotun Lov
- Søknad om straumstøtte
- Jotun bok 100år
- Planer om å etablere stolpejakt
- Planer om å etablere frisbeegolf
- Idrett og anleggsplan Årdal Kommune
- Mitt varsel -ny portal frå NIF

## *7. Prosjekt og saksomtale*

### *7.1. Kjøp av ny 9 setar*

9 Setaren vår hadde oppnådd ein alder der me såg at kostnadene med vedlikehold og kvaliteten på køyretøyet ikkje lenger var tilfredsstillande. Bussgruppa fekk ansvaret med å finne ny 9 seter til Jotun. Denne gruppa jobba raskt og effektivt og i løpet av 1-2 veker hadde me kjøpt ny 9 setar i bruktmarkedet.
9 Setaren som vart valgt var kun 2 år gammal og så god som ny. Prisen vart og god for oss. No har me da 2 nye og gode bussar og ein 9 setar tilgjengelig for gruppene våre til bruk på alle reisene våre.
Takk for godt arbeide til bussansvarlig John Valsvik og bussgruppa som fekk ordna dette på ein bra måte for Idrettslaget.



### 7.2 Sjåfør opplæring minibuss

Dette året har Jotun gjennomført opplæring på minibuss samen med ein trafikkskule på Voss. Heile 10 personer har delteke og teke sertifikat på minibuss. Jotun dekker heile kostnaden mot at sjåførane køyrer for gruppene.
Til dette prosjektet fekk me og støtte frå Årdal Kommune via kulturmidlane. Dette gjorde at kostnaden for dette var godt innafor vårt planlagte budsjett.
No er da gruppene godt rusta til å bruka minibussane våre på reiser dei kommande åra.
Takk til alle som ville vere med og ta dette sertifikatet, dette fører til at gruppene våre har god tilgang på sjåfører til reiser på konkurransane me deltek på.

### 7.3 Hjertestarter og førstehjelpskurs

Me har i år og gjennomført kurs i hjertestarter og førstehjelpskurs for våre trenarar og tillitsvalgte. Dette vert gjennomført fordi me vil at alle våre utøvarar og publikum skal vere trygg på at me som organiserer aktivitet og trening har kunnskap om dette dersom nokon skulle skje.
Dette arbeidet vert gjort som felleskurs for alle eller spesifikke kurs ute i gruppene der det er eit krav.
Målet er at alle skal ha denne basiskunnskapen når dei er med i Jotun.
Me har og fått opp ny hjertestarter på klubbhuset sponsa av seniorgruppa vår. Denne er tilgjengeleg døgnet rundt av alle og kan søkast opp via hjertestarter registeret på nett (113.no)

**Postadresse**
IL Jotun
Postboks 65
6882 Øvre Årdal

**Besøksadresse**
Jotunhuset, Øvre Årdal

**E-Post**
post@iljotun.no

**Telefon**

**Telefaks**

**Bank**
3705 39 43471

**Foretaksregisteret**
975 702 308

## *8. Økonomi*

### *8.1 Resultat*

Resultatet for 2022 er kr – 350.428  (1 127 732)
Tal for 2021 i parentes.

Årets reslutat viser eit mindre underskot etter fleire gode år. Dette kjem hovudsakleg av at fleire av gruppene har investert i  utstyr i år og at me har delteke på ekstra aktiviteter dette året. Det har vore 2 rolege år utan store kostnader pga koronasituasjon men i år fekk me endelig komme tilbake til normal aktivitet og da har det dette året vorte gjennomført meir aktivitet for å gi litt tilbake til dei aktive. Dette er det god dekning for i økonomien vår.

### *8.2 Inntekter*

Dei totale driftsinntektene, som utgjer tilskot, sponsorinntekter, dugnadsinntekter, treningsavgifter m.m., er for år 2022 Kr  3 808 464 (4 046 358)
Tal for 2021 i parentes.

**8.3 Sponsormidlar**

Hovudstyret har motteke sponsormidlar frå :

**Hovudsponsor**

*Sparebanken Sogn og Fjordane*
*Årdal Kraftlag*
*Årdalsnett*

***Ei spesiell og stor takk til hovudsponsorane våre.***

***Øvrige sponsorar IL Jotun***
*Hydro Aluminium Årdal Metallverk*

Ei stor takk og til alle dei mange sponsorane som gir støtte direkte til gruppene. Når det gjeld desse viser me og til årsmeldingane frå dei einskilde gruppene.

Det kan nemnast at fleire bedrifter bidreg på indirekte vis utan direkte støtte med kontantar. Dette er viktig for å sikre aktiviteten i laget.

**Utan sponsormidlane ville det vore uråd å halde oppe den store aktiviteten IL Jotun har i dag. Derfor ei stor takk til alle verksemder og enkeltpersonar som har bidrege.**

## *9. Medlemstal*

*9.1 Medlemstal*
*Samla medlemstal pr. 31. desember 2022 er **1082** (1036 )*
*Medlemmer 20 år og over: **646** (605)*
*19 år og yngre: **457** (431)*
*Tala i parentes er pr. 31.12.2021.*




*Medlemstalet ligger fortsatt stabilt på over 1000 medlemmar. Arbeidet med oppfølging av medlemskap har vore. Målet for 2023 må vera å fortsette med dette fokuset og jobbe mot 1200 medlemmar.*
*Dette vil me blant anna sørge for ved å ha fokus på dette i hovudstyremøta våre og ha stands på Torget og handlesenteret.*
*Det har og i 2022 vorte merkbart at utøvarane har falle noko frå. Det meiner me er ein konsekvens av alle problem med trening og konkurranse me har hatt grunna korona og restriksjonane me har hatt dei siste 3 åra. Me jobbar med tiltak for å sikre at utøvarane kjem tilbake og at det vert på ny god deltaking på aktivitetane våre*

*Klubben sitt gode arbeid og oppfølging av medlemsregisteret i NIF sitt verktøy «Klubbadmin» gir oss i dag eit godt organisert og korrekt register. Dette forenklar innkrevjing av medlemskontingent og gir oss god oversikt over medlemstala for idrettslaget.*

*Me ser elles at det kan vere utfordrande for eldre medlemmer å få organisert betaling gjennom min idrett og vil jobbe vidare med å få forenkla denne løysinga, blant anna gjennom høve til å ha fast årleg betaling i nettbank og oppfølging via stands på handlesenteret og liknande aktivitetar der ein kan få hjelp med innbetalinga.*

*9.2 Aktivitetstal*

*Aktivitetstala for 2022 er ikkje inkludert i årsmeldingen for i år da det på grunn av koronaen ikkje er så lett å kunne stole på underlaga.*
*Me har gjennomført ein liten undersøkelse i sportslig utval , der dei tok ein gjennomgang på korleis treningsoppmøte var etter at me fekk starte opp igjen med trening igjen.*

*Når aktivitet vert mogleg igjen på normalt vis utan restriksjonar vil det vere naturlig for oss å gjenta undersøkelsen for å få ein oversikt over om det har påverka kor mange som velger å delta i idretten framover.*

**Postadresse**
IL Jotun
Postboks 65
6882 Øvre Årdal

**Besøksadresse**
Jotunhuset, Øvre Årdal

**E-Post**
post@iljotun.no

**Telefon**

**Telefaks**

**Bank**
3705 39 43471

**Foretaksregisteret**
975 702 308

## *10. Kurs og Utdanning*

### *Basis trenar utdanning*

Har du høyrt om Trenarløypa? Ikkje det. Trenarløypa er eit rammeverk for trenarutdanning i norsk idrett som beskriv mål, prinsipp, retningslinjer og kompetansekrav.
Ansvaret for trenarutdanninga i norsk idrett ligge i dei respektive særforbunda, medan Norges Idrettsforbund er ansvarleg for rammeverket Trenerløypa.




Fleire særforbund er på veg til å sette kompetansekrav til dei som skal utføre og stå ansvarleg for aktiviteten.
For Jotun betyr dette at det meir enn nokon gong før blir viktigare å utdanne trenarar. Ei slik utdanning er med på og gje grunnleggande kompetanse til dei som drive aktiviteten, og ikkje minst sikre eit levedyktig og allsidig idrettslag.

**MEN - Me treng fleire trenarar !**
Er du interessert i utdanning? Ta kontakt med den aktuelle særgruppa og meld di interesse.

For detaljar rundt utdanning viser me til årsmeldinga frå dei respektive særgruppene.

## *11. Særforbund*

IL Jotun er medlem av desse særforbunda:
11.1 Norges Fotballforbund
11.2 Norges Handballforbund
11.3 Norges Friidrettsforbund
11.4 Norges Skiforbund
11.5 Norges Svømmeforbund
11.6 Norges Styrkeløftforbund
11.7 Norges Motorsportforbund
11.8 Norges Gymnastikk og Turnforbund
11.9 Norges Bandyforbund
11.10 Norges Trekkhundforbund

**Postadresse**
IL Jotun
Postboks 65
6882 Øvre Årdal

**Besøksadresse**
Jotunhuset, Øvre Årdal
**E-Post**
post@iljotun.no

**Telefon**

**Telefaks**

**Bank**
3705 39 43471
**Foretaksregisteret**
975 702 308

# 12. ANLEGG

## 12.1 Jotunhuset

Jotunhuset er eit stort aktivum for laget vårt. Her gjennomfører me stadig forbetringar og oppussing slik at klubbhuset kan vere den samlingsstaden som me ønsker det skal vere for alle våre medlemmar.
I 2022 har me forsatt på jobben med planar for carport/overbygg for køyretøya våre. Det vert og vurdert løysingar for elektronisk låssystem som erstatning for gamle nøkkelløysingen.

Takk til seniorgruppa som bidrege med verdifullt dugnadsarbeid på klubbhuset

Hovudstyret takkar Gunnar og Laila Vassvik for arbeidet dei gjer i samband med utleige, reinhald og ettersyn av huset.

## *12.2 Skisenteret i Fardalen*

Skisenteret er til stor glede for både aktive i skigruppa og skiglade årdøler elles. Medlemmane i skigruppa utfører vedlikehald spesielt i forkant og undervegs i vintersesongen. I tillegg blir det regelmessig køyrt skiløyper gjennom heile veka. Det er verdt å nemne at drifta av skisenteret baserer seg på inntekter frå sponsorar og dugnad. Jotun får kun eit svært beskjedent kommunalt tilskot til løypekøyring som på langt nær hadde vore nok til å dekke utgifter med skitrekk, løypekøyring samt skihytta. Ytinga frå idrettslaget er til allmennytte for bygda, noko som me håpar alle set pris på.
Sjå elles årsmelding frå Skigruppa for meir informasjon om skisenteret.

## *12.3 Kommunale Idrettsanlegg*

Idrettsanlegga i Årdal ber preg av stor slitasje. Jotun Stadion har ei grasbane med dårleg drenering noko som reduserer brukstida. Løpedekke er utslitt og kan knapt kan nyttast som treningsbane. Kunstgrasdekke skulle vore skifta våren 2018 men prosjektet er no utsett til 2023.
Anleggsgruppa har sett arbeide med rehabilitering av Jotun Stadion som første prioritet. Prosjektet inneberer rehabilitering av fotballbane, nytt dekke på løpebane og flomlys.

Det vart heller ikkje i 2022 satt i gang noko arbeide med oppgraderingen av Jotun Stadion. Dette arbeidet vart så planlagt gjennomført i 2023 men det er foreløbig ikkje noko som tyder på at det vil skje
Det er fortsatt ikkje avklart om det vert satt av nok midler til å fullfinansiere oppgraderinga og det må no avklarast om det er vilje til å stille opp med resten frå kommunen si side eller om idrettslaga vil verte bedne om å bidra i finansiering av anlegget

Det vart i tillegg jobba med utbedring av dagens kunstgrasbane da denne dessverre har skader på langsida mot Jotun Stadion som følgje av dårlige grunnforhold, dette vart ikkje oppdaga ved legging av nye kunstgraset og skaden kom fort for dagen under bruk. Kommunen har utført forbedringar som ein no følger opp

Fleirbrukshall i Årdal Kommune er det og eit prosjekt som Jotun jobbar med. Turngruppa nyttar lokale i Agnitiohallen. Her er det for lågt under taket og svært dårleg ventilasjon. Det er vedteke i Årdal Idrettsråd at det skal jobbast fram løysing med Basishall, skytebane og klatreanlegg i ny fleirbrukshall ved Årdal Vidaregåande skule. Dette vert eit spennande fellesprosjekt som ligger tett på skulemiljøa i Øvre Årdal. Prosjektgruppa jobbarframleis med planer og avklaringar i samband med fleirbrukshallen. Det er og komme til fleire aktørar som ønsker vere med på dette prosjektet, no er og E-sport gruppa og Knipenborg Skyttarlag med i planane.

## *13. Arbeidsoppgåver i året som kjem*

- God styring og kontroll på drift og administrasjon av idrettslaget
- Vedlikehold og oppfølging av medlemsregister på plattforma «Klubbadmin»
- Fortsatt dialog med Årdal Kommune med omsyn til avklaring av tredjesektor si rolle
- Fortsatt dialog med Årdal Kommune om kva plan dei ser føre seg med idrettsanlegga i kommunen, spesielt med omsyn til eigarskap og drift
- Vurdering av økonomisk modell med omsyn til treningsavgift
- Fordeling av inntektene i laget
- Sportsleg utval skal jobbe vidare med fokus på koordinering av tilbudet vårt
- I samarbeid med Årdal Idrettsråd, Årdal Kommune og ÅFK få på plass finansiering og starte arbeidet med rehabilitering av Jotun Stadion.
- Arbeide vidare med planar om bygging av fleirbrukshall som inkluderer turnhall i Årdal
- Kartlegge behov for vedlikehold og forbetringar av Klubbhuset
- Større revisjon og omorganisering av klubbhåndboka
- Oppfølging Reint Idrettslag
- Oppfølging av «Trygg på trening»
- Oppfølging av IK system
- Gjennomgang av driftsmodell og eigarskapsmodell på anlegg me eiger og brukar.
- Nytt dørsystem og carport er under planlegging
- Ny trakkemaskin Skisenteret i Fardalen
- Arrangere 100års jubileum for idrettslaget

## 14. AKTIVITET I SÆRGRUPPENE

Her syner vi til særgruppene sine årsmeldingar.

## 15. IL JOTUN KLUBBHANDBOK

Klubbhandboka er klubben sitt overordna dokument og ein viktig del av Jotun sitt verdigrunnlag.
IL Jotun sine kjerneverdiar er ***Inkludering – Haldningsskaping – Meistring – Respekt***
Ein oppfordrar alle særgruppene til å bruke klubbhandboka aktivt i sitt arbeide.

## 16. SLUTTORD V/LEIAR

Endelig fekk me kontroll på koronaen og me kunne komme tilbake til ein meir normal kvardag for oss alle. Dette har ført til at gruppene har fått i gang igjen mykje av aktiviteten som me ønsker å gi utøvarane våre tilgang til.

Aktivitet er viktig for oss, og at får lagt til rette for mest mogleg ulike tilbod til dei aktive er noko som gir godt grunnlag for dette.
Me er no faktisk 10 ulike grupper i jotun som driver med mykje spennande aktivitet og tilbudet skal da gjere det mogleg for dei fleste å finne noko som dei kantrivast med.

Me har i år og erstatta 9 setaren vår med ny  for å sikre fortsatt god tilgang på køyretøy til alle reisene me har i idrettslaget. Så no er me godt dekka på køyretøy med 2 ganske nye minibussar og ein ny 9 setar

Dette året vert spesielt for oss da me feirer 100 år i den 30 mars. Dette markerer me med å gi ut ei bok om historien til Jotun med mykje av det som har gitt oss så mange idrettsstunder gjennom desse åra. Dette vert ei spennande bok som me håper mange vil få lyst til å lese.

Me vil og sørge for å markere dette jubileet med ulike aktiviteter,  oppvisningar og festligheter utover året og håpar flest mulig av våre medlemmer har lyst å delta i markeringen samen med oss.

Me vil i år igjen rette ei spesiell takk til alle seniorar som stiller opp når me ber om hjelp til noko. Deira innsats er imponerande og høgt verdsett av alle oss i laget.

Takk og til små og store sponsorar og alle støttespelarar som har gitt oss støtte til å halde eit breitt og godt tilbod for våre utøvarar.

Ei spesiell og stor takk til våre hovudsponsorar Sparebanken Sogn og Fjordane, Årdal Kraftlag og Årdalsnett. Med sine sponsorbidrag utgjer desse bedriftene det aller viktigaste bidraget til Jotun sitt økonomiske fundament.

Tusen takk til alle som stiller opp og støttar oss med alt frå små og store gaver til dugnadsarbeid og eigeninnsats som gjer det mulig for oss å oppretthalde aktiviteten.

Idrottslaget Jotun ynskjer å vere ein viktig samfunnsaktør og ein positiv drivkraft i barne- og ungdomsarbeidet i Øvre Årdal i åra framover. Idrettslaget er heilt avhengig av trenarar, støtteapparat, leiarar og styremedlemmar og alle andre som arbeidar frivillig, og brukar fritida si til å legge til rette, for idrett og fysisk aktivitet.

**Takk til alle som på ulike måtar har jobba for Idrottslaget Jotun i 2022!**

***Øvre Årdal, 8 mars 2023***
***Hovudstyret IL Jotun***

| | | |
|---|---|---|
| *Arnt Stølen Moen*<br>*Leiar* | *Odd Vidar Øren*<br>*Nestleiar* | *Mona Nytun*<br>*Økonomi leiar* |
| *Erlend Haugen*<br>*Gruppekontakt* | *Gábor I. Nyheim-Igari*<br>*Miljø og trivsel* | *Kristine Haglund*<br>*Sekretær* |
| *Henrik Rønningen*<br>*Leiar Fotball* | *Gunnar Christian Huse*<br>*Leiar Handball* | *Marianne Hellebø*<br>*Leiar Turn* |
| *Audun Hestetun*<br>*Leiar ski* | *Per Inge Bale*<br>*Leiar Friidrett* | *Geir Reidar Hestetun*<br>*Leiar Styrkeløft* |
| *Marianne Sundal*<br>*Leiar Allidrett* | *Ingeborg Hjelle*<br>*Leiar Svømming* | *Håvard Nilsen*<br>*Leiar Motorsport* |
| *Fredrik Mathisen*<br>*Leiar Innebandy* | *Arne Håkon Laberg*<br>*Leiar Senior* | *Torun Todal Laberg*<br>*Hundekøyrargruppa* |

*Vedlegg:*

*- Økonomirapport 2022*
*- Revisjonsberetning for 2022 frå kontrollutvalet*